



Bente Kopperdal Hervik

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 22/7308 - 22/77253

Sakshandsamar:  
Svein Arne Vågane  
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:  
07.10.2022

## **Søknad om bygging av landbruksveg på gbnr. 113/2 Sirset i Alver kommune. Hastesak og vi torer be om kort frist for fråsegn.**

Vedlagt ligg søknad om bygging av landbruksveg for gnr. 113, bnr. 2 Sirset i Alver kommune.

Jarle Låstad som eig gnr. 113, bnr. 2 søkjer om å få byggje veg «Traktorveg» på sin eigedom. Vegen er oppgjeve til om lag 150m men tykkjest vere noko lenger. Den vil løyse ut om lag 80 daa utmarksbeite bestokka med noko skog som i grove trekk ikkje er hogstmogen. Søkjar driv med utgangarsau og ynskjer tilkomst for å rydde utmarka til beite/tilkomst for uttak av ved. Vegen skal byggjast i vegklasse 8 – enkel traktorveg og vil avvike frå dette i delar av vegen..

Då Alver kommune har etablert mellombels anleggsveg i samband med vassforsyning til Mongstad, hastar det noko med å få søknaden handsama. Steinmassane til anleggsvegen vert ved nær føreståande anleggs slutt, fjerna.

**Vi torer derfor be om dykkar utfale seinast innan 2 veker dvs. 21.10.22 , men om det let seg gjere, gjerne tidlegare.**

Vi har gjort søk i etter kulturminne og naturinteresser via Nibio sine gardskart og ikkje funne treff der.

Under synfaring 07.10.22 kom det fram at vegen er tenkt lagt på ein gamal «hesteveg» som det syner restar av i heile lengda som er skissert på kartvedlegget til søknaden.

I tillegg er det ein gardfjøs med ein steingard på andre sida. Steingarden må flyttast om lag ein meter for å kome fram med traktor – sjå fig. 1 neste side. Alternativt kan vegen leggjast om til høgre og gjennom der steingarden er borte.

Vidare sørover er vegen tenkt lagt på den gamle «hestevegen» der det trengs noko steinmassar for å byggje opp vegen på høgre side sett sørover. Særleg eit parti vart peika som litt utfordrande enn resten av anlegget.

Kommunen ynskjer å opplyse saka litt meir enn vanleg for slik oversending og syner til tekst/bilete side 2-3.



Fig. 1. Til venstre ser vi grunnmurane til gardfjøsene som ikkje skal rørast. For å kome fram med traktor, må difor muren til høgre for fjøsen flyttast ein knapp meter.

Den nye endemuren på steingarden skal då byggjast oppatt med steinane som er nytta der dagens ende på steingarden er. Alternativt er å gå

rundt steingarden til høgre i fig. 1, noko som vil forlengje vegtrasèen monaleg.

Søkjjar har tankar om å restaurere gardfjøsene i framtida.

Fram til gardfjøsene over dagens innmarksbeite er det råd å kome fram med traktor.

Vidare sørover frå gardsfjøsene er vegen tenkt lagt oppå den gamle hestevegen. Nokre stader vil det vere nok å berre fjerne nokre tuer, medan det andre stader er naudsynt med meir oppmuring på høgre side. Restane av vegen er synlege i dag – sjå fig. 2 – 3 (4).



Fig. 2. Restane av «hestevegen» er stadvis stnleg med ein oppmurt kant på vestsida.





Fig. 3. I særleg dette merkt området lyt vestsida byggjast opp med ein støttemur.



Fig. 4. Den mellombelse anleggsvegen som skjer over både gnr. 113, bnr. 2 og «hestevegen».

Med venleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Svein Arne Vågane  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om landbruksveg - gbnr 113/2 Sjurset

**Mottakarar:**

Bente Kopperdal Hervik  
Statsforvaltaren i Vestland  
Vestland Fylkeskommune

Njøsavegen 2  
Postboks 7900

6863 LEIKANGER  
5020 Bergen